

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-026, TI-&01
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 08.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
095/20	Alver formannskap	15.10.2020
	Alver kommunestyre	

**Alver kommune si interne organisering i arbeidet med byvekstavtalen
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune organiserer sitt interne arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka

Alver formannskap 15.10.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 095/20 Vedtak:

- Alver kommune organiserer sitt interne arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- Denne saka skal avklare korleis Alver kommune skal organisere sitt interne politiske og administrative arbeid i oppfølging av byvekstavtalen.
- Saka skal også avklare korleis Alver kommune jobbar inn mot Miljøløftet, som er den regionale partnarskapen som skal styre og følge opp byvekstavtalen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Alver kommune vedtok å ta del i byvekstavtalen for Bergensområdet i kommunestyremøtet 20. februar 2020 (KO-sak 03/20). I løpet av våren har Alver kommune tatt del i arbeidet med handlingsprogrammet 2021 – 2024, der kommunen har prioritert aktuelle prosjekt i 2021 og 2022 (KO-sak 66/20). I september blei byvekstavtalen godkjend av regjeringa og endeleg

avtale blei signert av partane 24. september. Byvekstavtalen gjeld for perioden 2019 – 2029, og det er lagt opp til ei reforhandling i 2021 i samband med Nasjonal transportplan (NTP).

Styring og oppfølging av byvekstavtalen

Gjennom byvekstavtalen samarbeider stat, fylkeskommune og kommune om å nå nullvekst i persontransport med personbil. Styring og oppfølging av byvekstavtalen skjer gjennom partnerskapen Miljøløftet, som er eit samarbeid mellom staten, fylkeskommunen og kommunane Alver, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden og Bergen. Prioritering av prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal styrast etter prinsipp om porteføljestyling. Dette inneber at tiltak skal prioriterast etter ei samla vurdering av tiltaket sitt bidrag til nullvekstmålet, samfunnsøkonomisk nytte, disponible midlar, planstatus, i tillegg til kapasitet på planlegging og gjennomføring. Prosjekta skal støtte satsingsområde i avtalen er, og dei satsingsområda er:

- Gang og sykkel
- Kollektivtransport
- Innfartsparkering
- Miljøvenleg teknologi og innovasjon

Organisering av Miljøløftet

Vurdering av prosjekt og porteføljestylinga skjer gjennom Miljøløftet sine organ, og dei ulike organa er følgjande:

- **Styringsgruppa**
Miljøløftet blir leia av ei styringsgruppe som i stor grad består av politisk og administrativ leiing hjå partane. Styringsgruppa har hovudansvaret for porteføljestyling og tar avgjerd på kva prosjekt som skal prioriterast. Styringsgruppa sine avgjerder er utgangspunkt for avgjerder i styrande organ hjå partane, eks kommunestyret og fylkesting.
- **Administrativ styringsgruppe (AKG)**
Denne gruppa består av den administrative leiinga i kvar verksemd, og skal ta viktige avklaringar i forkant av styringsgruppemøta. Drøftingane i AKG gir eit grunnlag for endeleg innstilling til styringsgruppa.
- **Sekretariatet**
Dette er eit felles støtteapparat for Miljøløftet og eit saksførebuande organ til styringsgruppa.
- **Arbeidsutvalet**
Arbeidsutvalet består av representantar for alle verksemder i Miljøløftet, og er oppnemnt av AKG. Dette utvalet går djupare inn i faglege problemstillingar før dei blir lagt fram for AKG og styringsgruppa.
- **Faggrupper**
Miljøløftet har fem faggrupper: Kollektiv, gang- og sykkel, sentrum, kommunikasjon og trafikktryggleik. Faggruppene skal bidrar også med faglege vurderingar.

Styringsprosess og årshjul

Alle tiltak og prosjekt i Miljøløftet blir spelt inn gjennom definerte prosjektark. Alle partane i byvekstavtalen bidrar med konkrete innspel på prosjekt som blir lagt inn prosjektarka. Gjennom Miljøløftet blir prosjektarka lagt saman i ei portefølje av ulike prosjekt, og dei blir prioritert etter dei kriteria som er i tråd med byvekstavtalen. Dette arbeidet skjer i stor grad på hausten. Over nyttår startar arbeidet med eit 4-årig handlingsprogram, og det er dei mest aktuelle prosjekta i den komande 4-årsperiode som blir prioritert inn i handlingsprogrammet. Arbeid med handlingsprogrammet skjer årleg og i haust startar arbeidet med handlingsprogrammet 2022 – 2025. Handlingsprogrammet skal til endeleg avgjerd i styringsgruppa og vidare til behandling hjå partane.

Avgjerdsprosess:

- Arbeidsutvalet og AKG utarbeider forslag til 4-årig handlingsprogram i løpet av vinteren
- Styringsgruppa drøfter forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i april/mai

- Handlingsprogram blir sendt vidare til handsaming hjå partane.
- Basert på handlingsprogram legg samferdselsdepartementet fram forslag til bruk av statlege midlar og bompengar påfølgande år (statsbudsjett). Dette blir avklart i framlegg til statsbudsjett med handsaming i Stortinget.
- Fylkeskommune og evt. kommunar vedtar bruk av midlar dei har ansvar for gjennom handsaming av sine økonomiplanar og budsjett før årskiftet.
- Vedtatte midlar blir nytta i prioriterte prosjekt påfølgande år.

Vurdering

Alver kommune er ein av partane i byvekstavtalen og er gjennom avtaleperioden sikra over kr 350 mill til prosjekt og tiltak under dei ulike tiltaksområda. Alver kommune skal gjennom Miljøløftet sine organ bidra i arbeidet med porteføljestyling og prioritering av prosjekt, og det er viktig at kommunen har ei intern organisering som sikrar gode prioriteringsprosessar som grunnlag for arbeidet i Miljøløftet. Rådmannen rår til at det blir etablert ein intern prosjektorganisasjon med politisk styring for å sikre gode prioriterings- og avgjerdsprosessar i kommunen.

Prosjektorganisasjonen blir lagt opp på følgjande måte:

Organ	Kven
Politisk styringsgruppe	Formannskapet
Administrativ styringsgruppe	Rådmann og ass. rådmenn
Prosjektansvarleg Prosjektleiar	Kommunalsjef samfunnsutvikling Hovudprosjektleiar samferdsel
Prosjektgruppe	Kommunalsjef teknisk forvaltning og drift Tenesteleiar plan og analyse Tenesteleiar arealforvaltning Tenesteleiar eigedomsforvaltning Leiar for prosjektsektor
Arbeidsgrupper og faggrupper	Blir oppretta ved behov

Prosjektgruppa si hovudoppgåve blir å følgje opp og koordinere aktivitetane inn mot Miljøløftet sine organ og inn mot politisk nivå i Alver. På hausten blir det fokus på å avklare kva prosjekt Alver kommune skal spele inn til handlingsprogrammet. På våren blir det aktivt arbeid i Miljøløftet på å få prosjekta inn i sjølve handlingsprogrammet. Vidare skal prosjektorganisasjonen følgje opp prosjekt som har fått midlar gjennom byvekstavtalen. Prosjektet legg årleg fram ein plan for aktuelle møter i kommunen sine egne styringsgrupper, prosjektgruppe og arbeidsgrupper. I tillegg skal handlingsprogram til endeleg vedtak i kommunestyret.

Deltaking i Miljøløftet sine organ

Miljøløftet har ein møteplan gjennom heile året og Alver kommune skal delta i dei ulike organa som er etablert. Det er viktig at kommunen bidrar aktivt i Miljøløftet og har ein intern organisasjon som kan bidra til dette. Rådmannen foreslår at følgjande roller deltar i Miljøløftet sine organ:

Organ i Miljøløftet	Kven deltar
Styringsgruppe	Ordførar og rådmann
Administrativ koordineringsgruppe (AKG)	Rådmann og kommunalsjef samfunnsutvikling
Arbeidsutvalet Faggrupper: Kollektiv, gang og sykkel, sentrum, kommunikasjon og trafikktryggleik	Prosjektleiar Alver kommune Blir peika ut av prosjektgruppe

Tilråding:

Rådmannen tilrår at Alver kommune organiserer sitt arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka.